



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Hå kommune 17. april 2015

Tidsrom for tilsynet:	2015
Kommunen si adresse:	Hå kommune, postboks 24, 4368 Varhaug
Kontaktperson i kommunen:	Kaare Waatevik
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Revisjonsleiar Grete Flåten og revisor Reidar Johnsen
Dato for endelig rapport:	22. juni 2015

Samandrag

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Hå kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet avdekkja fire avvik:

Avvik 1

Hå kommune har ikkje ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i tråd med sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik 2

Hå kommune har ikkje med utgangspunkt i ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse utarbeidd langsigtige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Kommunen oppfyller derfor ikkje krava til dette i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik 3

Hå kommune sin overordna beredskapsplan oppfyller ikkje alle krava til dette i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik 4

Hå kommune oppfyller ikkje krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt til eit system for opplæring.

Innhald

Samandrag	1
1. Bakgrunn for tilsynet	3
2. Rammer for tilsynet	3
3. Hovudinntrykk	3
4. Resultat frå tilsynet	4
5. Grunnlagsdokument	6
6. Deltakarar i tilsynet	6

1. Bakgrunn for tilsynet

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift av 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Hå kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Vi ville sjå om kommunen i tråd med krava i lov og forskrift hadde:

- ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- eit heilskapleg system for kommunen sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid
- ein overordna beredskapsplan
- øvingar og opplæring for tilsette som har ei rolle i kommunen si krisehandtering
- evalueringar av hendingar og øvingar

2. Rammer for tilsynet

Tilsynet er gjennomført etter prinsippa for systemretta tilsyn. Skriftleg revisjonsvarsle blei sendt 29. januar 2015. Fylkesmannen har granska relevant dokumentasjon på førehand. På tilsynsdagen hadde Fylkesmannen opningsmøte, intervju med relevante personar i kommunen og sluttmøte.

Denne rapporten handlar om eventuelle avvik og merknader som er avdekkja under revisjonen. Avvik er manglande etterleving av krav i sivilbeskyttelseslova og/eller i forskrift til kommunal beredskapsplikt. Merknad er funn det er grunn til å peike på for å sikre forbetring i oppfølginga av føreseggnene i beredskapsplikta.

Vi gjer merksam på at Fylkesmannen berre undersøker om kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i tråd med lov og forskrift. Tilsynet gir difor ikkje ei fullstendig vurdering av kommunen sitt arbeid med dette.

3. Hovudinntrykk

Hå kommune har arbeidd med samfunnstryggleik og beredskap etter sist tilsyn, men det er framleis eit stykke fram til at kommunen oppfyller krava til dette. I hovudsak gjeld dette å få på plass ein heilskapleg ROS-analyse og eit systematisk og heilskapleg samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Kommunen har laga analyseskjema for ulike hendingar. Desse er ikkje samanfatta i ein heilskapleg ROS-analyse i tråd med lov og forskrift. Hå har og eit forbettingspotensial når det gjeld å konkretisere analyseskjema slik at dei kan brukast som utgangspunkt for førebyggjande tiltak. Kommunen har laga ein ROS-analyse for brann kor DSB sin rettleiar for heilskapleg ROS-analyse er nytta, med eit godt resultat.

Når det gjeld krisehandtering har kommunen i praksis og gjennom øvingar vist at dei har god evne til å handtere dei utfordringane som har kome. Seinast under flaumen på Vigrestad i august 2014, kor kommunen viste god fagkunnskap, kjennskap til lokale tilhøve og evne til å handle raskt og effektivt. I denne hendinga etablerte kommunen kriseleiing, men først eit stykke ut i hendinga. Fylkesmannen meiner Hå med fordel kan ha ein lågare terskel for å etablere kriseleiing tidlegare for å få til ei meir heilskapleg og betre samordning av innsatsen ved slike ekstraordinære hendingar. Dette for å vere mindre avhengig av enkeltpersonar og

vere betre budd om hendinga blir større eller varer lenger enn dei hendingane som har vore dei siste åra.

4. Resultat frå tilsynet

Følgjande avvik blei avdekk i tilsynet med Hå kommune:

Avvik 1

Hå kommune har ikkje ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i tråd med sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 1, 2 og 9.

Utfyllande kommentarar:

- Hå har utarbeidd fleire analyseskjema som kommunen sjølv definerer som heilskaplege ROS-analyser, men kommunen har ikkje laga noko samla oversikt over risiko og sårbarheit. Det står litt om dette i kommuneplanen, beredskapsplanen og i eit skriv som ikkje er datert eller politisk handsama. I intervjuet kjem det og fram at fagavdelingane stort sett har arbeidd kvar for seg i utforminga av analyseskjema, og ikkje på tvers.
- Fleirtalet av analysane av dei enkelte hendingane er for lite konkrete og for lite knytt til utfordringar i Hå. Når det gjeld framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar saknar vi ei vurdering av havnivåstigning og stormflo.
- Sjølv om det har vore kontakt med nokre få aktørar (Sirevåg hamn og Hå brannvesen), kan vi ikkje sjå at kommunen har invitert relevante offentlege og private aktørar med i utarbeidingsprosessen av ROS-skjema.
- Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen systematisk har gått inn og analysert kva hendingar som vil føre til eit behov for befolkningsvarsling eller evakuering.
- Kommunen har tatt med tiltak i analyseskjema, men det kjem ikkje fram kva tiltak som allereie er gjennomførte og kva kommunen vil gjennomføre framover.

Avvik 2

Hå kommune har ikkje med utgangspunkt i ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse utarbeidd langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Kommunen oppfyller derfor ikkje krava til dette i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 1,3 og 9.

Utfyllande kommentarar:

- Det er ikkje utarbeidd overordna mål og strategiar for samfunnstryggleiksarbeidet. Det er mål i beredskapsplanen for krisehandtering, men ikkje for samfunnstryggleiken samla. Kommunen har med eit kapittel om kommunal beredskap i kommuneplanen,

men her er det ikkje noko om mål og strategiar for kommunen sitt arbeid på dette området.

- Kommunen har ingen plan for oppfølging av funna i ROS-analysen. Tiltak er ikkje vurdert i høve til kvarandre eller prioriterte. Det gjer at ROS-analysen ikkje heng saman med kommunen sin annan aktivitet på dette området, og det manglar ein rød tråd gjennom samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunen.
- Fylkesmannen finn ikkje dokumentasjon for at kommunen systematisk har vurdert om funn i den heilskaplege ROS-analysen bør integrerast i planar og prosessar etter plan og bygningslova. Dette kan skyldast at ROS-analysen ikkje er konkret nok og derfor ikkje relevant i samband med dette.

Avvik 3

Hå kommune sin overordna beredskapsplan oppfyller ikkje alle krava til dette i sivilbeskyttelseslova og forskrift om communal beredskapsplikt.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om communal beredskapsplikt §§ 1,4 og 9.

Utfyllande kommentarar:

- Fylkesmannen kan ikkje sjå noko direkte kopling mellom ROS-analysen og beredskapsplanen. Det står i kommuneplanen at det skal vere tiltakskort, men kommunen kan ikkje dokumentere at dei har dette knytt til den overordna beredskapsplanen og på grunnlag av ROS-analysen.
- Hå kommune kan ikkje dokumentere at evakuéringsplan eller plan for befolkningvarsling har samanheng med behov for dette kartlagt i ein heilskapleg ROS-analyse. Kommunen har skildra evakuéringsoppgåver som kommunen kan få, men ikkje kven som skal gjere desse. Dette gjeld og korleis organiseringa av eit Evakuérings- og pårørandesenter (EPS) skal fungere i praksis når det gjeld bruk av egne og eksterne ressursar.
- Kommunen må i større grad avklare korleis krisestøtteverktøyet CIM skal brukast i krisehandteringa. Om kommunen skal bruke systemet både i loggføring og som kommunikasjonssystem, må det vere nok personar som kan bruke dette.

Avvik 4

Hå kommune oppfyller ikkje krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om communal beredskapsplikt til eit system for opplæring.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om communal beredskapsplikt §§ 7 og 9.

Utfyllande kommentarar:

- Hå kommune kan ikkje dokumentere at dei har eit system for opplæring av dei som har ei rolle i kommunen si krisehandtering. Fylkesmannen gjer merksam på at dette

kravet til eit system for opplæring ikkje berre gjeld kriselerdinga, men alle som har ei vesentleg rolle i kommunen si krisehandtering.

5. Grunnlagsdokument

Oversikt over dokumenter som Fylkesmannen har brukt som grunnlag for tilsynet i Hå:

- Organisasjonskart toppledelse i Hå kommune
- Risiko- og sårbarhetsanalyse for Hå brannvesen m/ analyseskjema som vedlegg, datert 15. oktober 2014
- Skriv om heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyser, ikkje datert
- Hovedlinjer for overordnet beredskap i Hå kommune, vedtatt i kommunestyret 21. februar 2013, sist revidert 14. januar 2015. Vedlegg: logg for den kommunale kriseledelsen, hendelses- og aktivitetslogg, oversikt over ROS-analyser, transportressurser, innkvartering og pårørendesenter og krav til evakueringsplan
- Saksframlegg frå kommunestyret si handsaming av Hovedlinjer for overordna beredskap i Hå kommune (beredskapsplan, inkludert analyseskjemaheilskapleg ROS-analyse) 21. februar 2013
- Invitasjon til og referat frå beredskapsrådsmøte 24. september 2014
- Plan for helsemessig og sosial beredskap, oppdatert 3. januar 2014
- Smittevernplan, revidert 16. mars 2011
- Beredskapsplan med rutiner for vann og avløp i Hå kommune, udatert
- Evalueringssrapporter fra øvelser i 2013, 2014 og 2015
- Rapporter og evaluering frå hendingar 2014 til 2014
- Uttale ved offentleg ettersyn av Kommuneplan for Hå 2013-2028, datert 5. mars 2014
- Statleg samordna uttale ved offentleg ettersyn av Kommuneplan for Hå 2013-2028, datert 7. mars 2014
- Kommuneplan for Hå kommune 2014-2028 (samfunnsdel og arealdel), vedtatt 10. desember 2014
- Planstrategi og planprogram for Hå kommune 2013-2028, vedtatt i kommunestyret 15. november 2012
- Plankart Hå kommune – gjeldende kommuneplan
- Plankart Hå kommune, tettsteder, gjeldende kommuneplan
- Økonomiplan 2015-2018, vedtatt 18. desember 2014
- Diverse dokument i samband med Mattilsynet sitt tilsyn med drikkevatnet i 2013
- Forvaltningsrevisjon av beredskapsarbeid – Hå kommune, januar 2014
- Rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Hå kommune 29. april 2011
- Kommuneundersøkinga 2015, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap
- Diverse kart frå Temakart Rogaland

6. Deltakarar i tilsynet

I tabellen under er det oversikt over deltakarar på opningsmøtet, intervjuja og sluttmøtet:

Namn	Funksjon /stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Mons Skrettingland	ordførar	X	X	X
Anne Berit Berge Ims	rådmann	X	X	X
Kaare Waatevik	beredskapskoordinator/ havnesjef	X	X	X
Rolf Einar Ree	kommunalsjef teknisk/næring og medlem kriseloweringa	X	X	X
Eirik Sør-Reime	avdelingsleder kommunalteknisk/vara kriseloweringa	X	X	
Ole Vikse	kommunalplansjef	X	X	
Steffen Rogne	Digital medieansvarlig	X	X	X
Per Ivar Aniksdal	brannsjef	X	X	X
Vigdis M. Austdal	Kommunalsjef	X		

Frå Fylkesmannen i Rogaland deltok:

- Reidar Johnsen, revisor/fylkesberedskapssjef
- Grete Flåten, revisjonsleiar/seniorrådgivar